

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
068/20	Kommunestyret	PS	18.06.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-U62	20/76

## Forlenging av sals- og skjenkeløyve

### Framlegg til vedtak:

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

### Kommunestyret - 068/20 - 18.06.2020

#### KS - behandling:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.  
Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### KS - vedtak:

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 er no ute på offentlig høyring. Den kjem så tilbake til formannskapet den 20. august, og til vedtak i kommunestyret 17. september.

Det er kommunestyret som tildeler sals- og skjenkeløyve, og desse varer i fire år med fornying seinast 30. september i året etter val av nytt kommunestyre. Løyva vert gitt på grunnlag av den alkohol-

politiske planen.

Det er mogleg å gje forlenging av dei eksisterande løyva i kommunen med fire nye år. Om ein ikkje skal forlenga løyva bør sals- og skjenkestadene få melding no før sommaren, slik at dei får tid til å førebu søknaden.

Administrasjonen vil innstilla på at sals- og skjenkeløyva vert forlenga med fire nye år, innanfor dei vilkåra som vert vedteke i den oppdaterte alkoholpolitiske planen for Austrheim kommune. Det formelle vedtaket kan ikkje kommunestyret gjera før i september, men med eit prinsippvedtak no kan me gje butikkar og skjenkestader melding om kva kommunestyret tenkjer kring dette.

Sals- og skjenkestader pliktar uansett å gje melding dersom det skjer endringar i kven som skal stå som ansvarlege på løyve, og liknande.

### **Konklusjon**

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.